



**Sæverhagen kraftverk i Jondal kommune i Hordaland fylke**  
**Verknadar på biologisk mangfald pga. planendring**

Notat 2014 : 17

# BIOREG AS

## Notat 2014 : 17

<b>Utførende institusjon:</b> Bioreg AS	<b>Kontaktpersonar:</b> Finn Gunnar Oldervik	<b>ISBN-nr.:</b> 978-82-8215-280-8
<b>Prosjektansvarleg:</b> Finn Gunnar Oldervik	<b>Finansiert av:</b> Grunneigarane	<b>Dato:</b> 17.11.2014
<b>Referanse:</b> Oldervik, F G. 2014. Sæverhagen kraftverk i Jondal kommune i Hordaland fylke. Verknader på biologisk mangfald pga planendring. Bioreg AS notat 2014: 17. ISBN; 978-82-8215-280-8.		
<b>Referat:</b> Notatet omhandlar ei planendring og den verknaden denne har på biologisk mangfald i samband med planar om ei vasskraftutbygging av Storelva i Jondal kommune, Hordaland fylke. I notatet vert det gjort ei enkel vurdering av kva for verknadar denne planendringa vil gje samla sett for prosjektet. Vurderinga vår går i korte trekk ut på at den nye planløysinga synest å vera betre for landskapsverdiane, men vil ha lite å seia for biologisk mangfald, da dei negative verknadane på desse verdiane var rekna som små frå før.		
<b>4 emneord:</b> Biologisk mangfald Raudlisteartar Vasskraftutbygging Registrering		

**Figur 1.** Framsidebiletet viser ei gammal oppgangssag ved utlaupet av Storelva. Den nye kraftstasjonen er planlagd bygd på same side som fotografen står med utslippsnivå kote 2, men litt oppstrøms saga. Ein reknar difor ikkje med at verken saga eller andre kulturminne i området vert direkte påverka av det planlagde tiltaket. (Foto; Finn Oldervik ©)

## Innleiing

Vi har vorte bedne av grunneigarane ved Bård Moberg, Norsk Kraft AS om å vurdera verknadane av ei planending kva gjeld eit omsøkt småkraftverk i Herand i Jondal. Planendinga går ut på å føra det første strekket av vassvegen i tunnel i staden for å føra den i røyr slik det opphavleg var planlagd.


## Utbyggingsplanar

Dei opphavlege utbyggingsplanane lyser om lag slik; Tiltakshavarane har lagt fram planar om å byggja ein inntaksdam i Storelva om lag ved kote 75,5 moh. Frå inntaket skal vatnet leiast via røyr ned til eit kraftverk planlagd bygd ved kote 2 moh på nordsida av Storelva. Også rørgata er planlagd langs nordsida av elva, og vil få ei lengde på om lag 685 meter (alternativ trase vil få ei lengd på 648 meter). Kraftverket vil verta liggjande i dagen med ein kort avlaupskanal attende til elva.


Det er planlagt kabel til næraste høgspenstmast. Lengda på denne vil verta om lag 150 m. Utanom ein kort tilkomstveg til den planlagde kraftstasjonen, er det ikkje særleg trong for nye permanente vegar.



Figur 2. Bildet viser kvar utbyggingsområdet ligg i høve til Hardangerfjorden og Jondal kommune.



Figur 3. Kartet viser ei omtrentleg skisse av dei opphavlege planane for utbygging av Storelva.



Figur 4. Dette er den alternative løysinga med tunnel øvst.

### Vurdering av verknader på naturmiljøet ved dei opphavlege planane

Berggrunnen i utbyggingsområdet er slik at det ein og annan staden tilfeldig kan opptre noko basekrevjande vegetasjon, men ein såg ikkje særleg til dette ved den naturfaglege undersøkinga. Berre ein stad øvst i utbyggingsområdet var det ein bergvegg med litt rikare planteliv. Andre stadar vart det ikkje påvist verken særskild gode signalartar på rike miljø eller raudlisteartar, utanom alm (NT) og ask (NT) innan influensområdet til dette planlagde prosjektet. Samstundes er heller ikkje dei topografiske tilhøva i og nær dei små fossane som finst i elva slik at det oppstår typiske fosserøyksoner i nærområda. Likevel er det ein del fuktkevande mosar, men ingen særskild krevjande. Lavfloraen er ganske fattig over alt innan utbyggingsområdet.

Naturverdiar. Innafor undersøkingsområdet er sjølve elva skildra og avgrensa som naturtypen; *Viktig bekkedrag (E06) av lokal verdi.* Inngrepsfri natur (INON-område) vert ikkje negativt påverka om dette tiltaket vert gjennomført. Av raudlisteartar er det påvist dei to treslaga, alm (NT) og ask (NT) innan influensområdet. Samla vert verdien av utbyggingsområdet vurdert som; *Middels*

Omfang og verknad. Tiltaket er rekna å gje *lite/middels negativt omfang* for påviste naturverdiar. Omfanget for det lokalt viktige bekkedraget i kulturlandskapet vil neppe verta særleg stort, sjølv om tilhøva for fuktkevande mosar truleg vil verta litt dårlegare. Det er dei negative konsekvensane ei eventuell utbygging vil få for ein art som fossefall og kanskje andre vasstilknytte fuglar som vil verta mest merkbar. Samla vert verknadene av det planlagde tiltaket vurdert å verta; *Lite negative* for dei kartlagde naturverdiane i området.



Figur 5. Her ser ein restar etter eit lite kraftverk som var i drift i åra frå 1914 og fram til om lag midten av 1950-talet. (Foto; Karl Johan Grimstad ©).

### Vurdering av verknader på naturmiljøet ved dei nye planane

I avsnittet om dei opphavlege planane er det nemnd ein bergvegg øvst i området med noko rikare planteliv enn elles. Denne vert ved dei nye planane spara for direkte inngrep. Elles vert vurderingane dei same. Naturverdiar, omfang og verknad vert også dei same som skildra i førre avsnitt. For landskapet synest likevel den nye løysinga å vera betre enn den gamle.